

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/96

Saknr	Utval	Type	Dato
018/2017	Formannskapet	PS	09.02.2017

## Referatsak

### Tilknytte dokument:

1. Skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane – 2017. Prioritering av Regionrådet
2. Søknad om kommunal bevilgning til bygging av fotballbane(r) for jenter og gutter i Kobanê
3. Underskrive akseptblankett
4. VS: Den gode barnehage og skuleeigar
5. Visitasrapport frå bispevisitas i Gulen og Masfjorden
6. Årsregnskap 2016 for Masfjorden kommuen

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

## Saksopplysningar:

### Formannskapet - 018/2017

#### FS - behandling:

##### Referatsaker:

1. Skjønnsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2017. Prioritering av Regionrådet

1. Søknad om kommunal bevilgning til bygging v fotballbane(r) for jenter og gutter i Kobane
1. Underskrive akseptblankett
1. VS: Den gode barnehage og skuleeigar  
Formannskapet samla seg om at det bør delta minst to politikarar på desse samlingane
1. Visitasrapport frå bispevisitas i Gulen og Masfjorden
1. Årsrekneskap 2016 for Masfjorden kommune

#### Orientering frå rådmann:

Forskottering av midlar til vellag og andre organisasjonar for å dekke deira sitt kapitalbehov og forskottering mva.

- Midlane vert ført som utlån
- Prosjektet må vere starta, og kostnader påløpt før forskottering

Ass.rådmann orienterte om revisjon / endring av feietenesta i hht ny forskrift.

Det vart stilt spørsmål kring vedtak i Kommunestyresak 81/16. Rådmannen orienterte om at føresetnadane i Kommunestyresak 81/16 har endra seg vesentleg siste kvarttal, og medført endra behov for å kjøpe tenester av eksterne til brukarar med spesielle behov. Utlysing har difor trekt litt ut i tid. Forholdet vert anten kunngjort på Doffin i løpet av første del av 2017, alternativt må saka leggjast fram att for kommunestyret i førstekommande møte. Intensjonsavtale ang Fensfjordbygg er lagt på Doffin.

#### Orientering frå ordførar:

- Ordførar gjorde greie for oriernteringa som vart halden i MISA (miljø og samferdselutvalet i fylketinget) om Masfjordsambandet og kva utgreiingar som var gjort så langt. Alle tre alternativa (hengebru, flytebru med seilingslei midt på og flytebru med seilingslei i Duesundsundet) kan gjennomførast.
- Framlegg til avtale med Fitjar kommune ang "grønne konsesjonar" om deling av inntektene vart delt ut.
- Kommuneplanen: Innspelfasen er ferdig og det kan vere greitt med eit møte i styringsgruppa der ein går igjennom innspela saman med plansjef. Formannskapet såg for seg at den 7.mars kunne vere ein aktuell dag. Rådmannen sjekkar ut og kjem attende med dato for eit slikt møte.
- Statusorientering tannlege i kommunal regi, og kor formannskapet ønskjer at det vert arbeid vidare med realisering.
- Statusorientering fiberutbygging
- Orientering om status nærpolitireforma og grunnlag for klage innan fristen 01.03.17

- Refererte til skriv tverrfagleg støtteteam 06.02.17
- Oppfølging overfor formannskapet dialogmøte mellom MKF / Kyrkja og kommunen 01.02.17

**FS - vedtak:**

Referatsaker vert tekne til orientering